



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

Oktober 2025

68. årgang



Hausttakkefest i kyrkjene våre. Her frå Mjømna kyrkje 21.09.

Foto: Anne Ytreøy

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

REDAKSJON: Anne Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
482 28 353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.
VIPPS: 706144.

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

SOKNEPREST

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169. hk482@kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

Fri fredag.

KONTORSEKRETÆR:

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586
ms859@kyrkja.no. Kontor tysdag og torsdag.

TRUSOPPLÆRAR: Åse Haugen,

tlf. 482 50 014 ah346@kyrkja.no

Felles e-postadresse til kontoret:

post.gulen@kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

pj847@kyrkja.no

GULEN KYRKJELEGE RÅD/**FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

bodil.bjorlo.takle@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.kyrkja.no/gulen

FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.

Redaksjonen

Vi skriv oktober, og det er haust.

I kyrkjene våre skjer det mykje gledeleg, med barn som blir døypte, og med hausttakkefest med utdeling av bøker til både 2-, 4- og 6-åringar. Konfirmantane er i full sving, og mange av dykk vil treffe dei når det er gudsteneste. Slå av ein liten prat med dei, be for dei og lat dei kjenne seg heime når dei kjem i kyrkja.

I tillegg til bøkene vi deler ut, får foreldra til dåpsbarnet ei bok som heiter «Arvegull». Der finn ein barnesongar, bønner og tema som advent, jul, påske og pinse. Vi håpar at både store og små kan ha glede av denne vesle boka, og ta den i bruk slik at barnet vert kjent med den kristne budskapen tidleg.

Det er fint å vere ein del av eit fellesskap, om ein er tilsett, arbeider som frivillig eller kjem som kyrkjegjengar på gudsteneste eller deltek i andre aktivitetar vi tilbyr.

For min del kjenner eg på velsigning i arbeidet, og eg gler meg alltid til å få med meg Herrens velsigning når eg er i kyrkja:

Herren velsigne deg og vare deg!

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!

Med ynskje om ein god haust for oss alle!

Med venleg helsing

Ingunn Sognnes, kyrkjevevje

Kunsten å vere kyrkje

I slutten av september var eg innom ein kulturkveld i Berg arbeidskyrkje i Brunlanes i Vestfold, der familien min kjem frå. Temaet for kulturkvelden var «Kunsten å vere kyrkje», og Tore Dvergastein, seniorrådgjevar for kultur i Tunsberg bispedøme, hadde eit foredrag om kunsten og kulturen sin plass i kyrkja. Eit stort tema, som nok mange har tankar om. Han tok utgangspunkt i kor ulik kyrkja kan vere ut frå kvar ein er. Tunsberg bispedøme strekkjer seg frå lengst nord i Hallingdal i Buskerud til lengst sør i Vestfold. Ei folkemusikkmesse med bukkehorn og meir til i Hallingdal vert ganske så framand i Vestfold. Slik er det jo her vest òg. Å vere kyrkje i Gulen eller Solund, der eg bur, er ganske annleis enn t.d. i Bergen.

I Gulen er det mange spor av kristen tru gjennom tusen år: Fire vakre kyrkjebygg med kvar si søge: Brekke kyrkje, Gulen kyrkje, Mjømna kyrkje og Byrknes bedehuskapell, i tillegg til steinkrossane i Eivindvik. Dessutan er det bedehus både på Dalsøyra og i Brekke, tre kyrkjegardar og to gravplassar, i tillegg til dei tre gamle koleragravplassane i Ytre Gulen. Gamle kyrkjeveggar er her òg mange av. Alt dette er spor av kristen tru frå langt attende i tid og fram til i dag. Slik kan ein nemne at mykje som har hatt stor verdi for gulingane gjennom hundreåra som ligg bak oss, har stor verdi også i dag. Kyrkja der ein vart

døyp, konfirmert og kan hende vigg, kyrkjegarden eller gravplassen der våre kjære og kjende ligg gravlagde, er svært viktige for mange.

Tittelen «Kunsten å vere kyrkje» kan jo forståast på fleire måtar. Ei levande kyrkje må finne si form i vår tid. Om tidene og formene skiftar, er Gud likevel den same, slik Moses fortel det i 5. Mosebok (33,25b-27a):

*Som dine dagar er, skal din styrke vera.
Ingen er som Jesjuruns Gud.
Han rid fram over himmelen
for å koma deg til hjelp,
rid på skyene i sitt velde.
Ein bustad er den eldgamle Gud,
her nede er hans evige armar.*

Gå på oppdagingsferd i spora av tru i Gulen, og ver med å forme vegen vidare! Kunsten å vere kyrkje kan me alle vere med å gje farge, form og innhald til.

*Bjørn Magne Hansen,
Sokneprest i Solund*



*Altarskåp frå 1480 frå ei eldre kyrkje i Brekke. No lagra på Bergen museum.
Foto: Bergen museum*

Alt vi har kjær

«Alt vi har kjær» - berre tittelen i seg sjølv gjer noko med meg. Plata til Ine Hoem har følgt meg gjennom mange stunder. Mange av tekstane er skrivne av far hennar, Edvard Hoem – han som har gjeve oss salmar som *Den fattige Gud* og *No stig vår song*. Desse orda, desse tonane, minner meg om kor mykje i livet som er verdt å halde fast på – alt vi har kjær. Konfirmanttida er slik: eit stykke liv ein seinare ser tilbake på – med smil, kanskje med undring. Kvart konfirmantkull er som eit nytt kapittel i same forteljing, og i år har vi eit rikt og livleg kull – heile 25 ungdomar! Det har vore konfirmantpresentasjon



Foto: Anne Evjenth Ytreøy



Foto: Margrethe Thune Trædal


i alle kyrkjene. I Mjømna og Gulen 31. august, og i Brekke 14. september.

Me har alt hatt fleire samlingar. På samlinga på Dalsøyra fekk dei nyte god taco laga av føresette, høyre Eirik undervise om kven Jesus er, og lære å finne fram i Bibelen.

Nokre veker seinare møttest me på Byrknes bedehus – der ei frå soknerådet hadde baka himmelske pizzabollar.

Trusopplæraren vår, Åse, var med, og Eirik leia leik og konkurransar.





Me avslutta kvelden med gudsteneste, nattverd og song. Det vart ein fredagskveld fylt av varme, latter og bøn – eit glimt av fellesskap slik det skal vere.

Nokre av konfirmantane har alt vore i sving med diakonalt arbeid – steikt vaflar på bu- og omsorgssenteret, smilt, snakka med bebuarane og vore til glede.

Me vil gjerne oppmode dykk alle: Hugs konfirmantane i bønna di. Skriv gjerne ned namna på dei som bur i di eiga grend, og be for dei gjennom

året. Mange av dei vil du sjå att i kyrkja – som ministrantar og frivillige med ulike oppgåver.

I byrjinga av november samlast konfirmantane frå Gulen, Solund og Masfjorden til fellessamling.

Temaet er *døden og vona*.

Vatne og Nordhordland gravferdsbyrå vil bidra med undervisning, og saman skal vi våge å snakke om det som rører ved oss alle. Det blir sjølvstøtt og tid til å bli kjend med dei frå Solund og Masfjorden – og til nokre lettare, livslyse tema denne dagen.

30. november er det lysmesse i kyrkja. Ei stund med varme, lys og musikk – eit lite pusterom i mørketida.

Kom gjerne innom Gulen kyrkje denne sundagskvelden.

«Alt vi har kjær» - det er ei påminning om alt som ber oss, gjennom liv, tru og fellesskap. Konfirmanttida minner oss om det same, at trua lever i oss, at fellesskapet ber oss – og at Gud kjem oss i møte, midt i kvar-dagen.

Håkon Kinsarvik

Giroinnlegg i bladet

Etter vedtak i Gulen kyrkjelege fellesråd blir det lagt inn ein giro i bladet ein gong per år. Du bestemmer sjølv om - og kor mykje eller ofte du vil betale. Giroinnlegget finn du på midtsidene i dette bladet. Kontonr.: **3817.15.51282**. Merk giroen med «Gåve til Gulen kyrkjelydsblad». Du kan òg betale med VIPPS, til nr. **706144**. Takk for alle gaver!

Haustattakkefest

I løpet av september har alle kyrkjene hatt familiegudsteneste/haustattakkefest; Mjømna sokn 21.09., og Brekke og Gulen 28.09.



Det kom mykje folk i alle kyrkjene. Under inngangsprosesjonen bar borna frukt og grønsaker fram til altaret. Preika var ved trusopplærar Åse, med god hjelp av Håkon prest. Det var òg utdeling av bøker til 2-, 4- og 6-

åringane. Dei fleste heimane fekk berre éi bok, nokon fekk kanskje to, og éin husstand fekk heile tre bøker!



Under nattverden var det bønnevandring i midtgangen med ulike stasjonar, mellom anna samanbretta blomar som opnar seg når dei blir

lagde i vatn, og du får eit bibelvers eller ei helsing.



Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi, der praten gjekk om laust og fast.
- Tre fine gudstenester!

Tekst: ÅH/AT. Foto: AY/CWT/AT

Laurdagsgraut i Gulen kyrkje

Laurdag 7. juni inviterte trusopplærar Åse Haugen til laurdagsgraut i Gulen kyrkje. I tillegg til maten var det quiz og andre aktivitetar, m.a. bowling.



Det vart ei triveleg og svært så sosial stund i kyrkja.

Somme var kanskje litt skeptiske til om det ville kome nokon, men det vart mange munnar å mette etter kvart, og berre blide ansikt å sjå. Om lag 20 barn fekk plass rundt langbordet bak i kyrkja, i tillegg til dei små og store som oppheldt seg her og der i kyrkja, jobba med quizen, bowling eller dreiv med andre ting.



Åse var primus motor og organiserte det heile på ein fin måte.

På fotoet over står ho i kyrkjebenken og les opp svara på quizen.

Ein vellukka føremiddag som små og store sette pris på. Ca 40 personar var innom.

Fleire slike samlingar er under planlegging.

Tekst/foto: AT



Pilegrimsgudsteneste



Foto: Skoleskopet Gann, Facebook

Tidleg om morgonen 26. juli ankra skuleskipet Gann opp ved Sollibotn, fullasta med passasjerar på pilegrims-cruise frå Stavanger til Trondheim. Tre bussar stod klare og frakta dei til Eivindvik.



Nokon ville til Gulatinget for om-vising, andre inspiserte krossane – eller dei fann seg ein lun venteplass i den opne Borgstova, før alle samlast til pilegrimsgudsteneste i kyrkja.



Tor Singsaas, tidlegare biskop i Nidaros, leia gudstenesta. Det var

frisk salmesong, andakt, og song ved Den Nasjonale Pilegrimskvartetten. Under krossvandringa til slutt kunne ein gå fram til biskopen for velsigning og krossmerking, før folket igjen fylte opp bussane som frakta dei tilbake til pilegrimsskipet Gann. Det var ei fin stund i kyrkja, både for dei vel 140 pilegrimane og for dei få andre som var så heldige å få ta del. Pilegrimsferda fortsette nordover, med Nidarosdomen og Stiklestad som endeleg mål.



Tekst/foto: AT

Kyrkjelydstur juni 2025

I år gikk sokneturen/eldreturen sammen med Solund sokn først til Atløy med besøk i Vilnes kirke. Dyktig reiseleder var som vanlig Bjørn Magne Hansen.



Så reiste vi til Værlandet, der Asta Landøy og gode medhjelpere ventet



på oss med middag, kaffe og kaker i Værlandet kapell.


Til slutt gikk ferden til Bulandet med besøk i temaparken, der Bulandet vises i fortid og nåtid.

Der traff Håkon en hyggelig kollega!



Som alltid ble det en kjekk tur, med flere gode opplevelser, nydelig mat og ikke minst hyggelig reisefølge.

Et sikkert tegn på at turen er vellykket er når deltagerne forvisser seg om at de er satt opp på deltagerlisten for neste års tur!



Tekst/foto: Anne Evjenth Ytreøy



Mjømna kyrkje. Foto: Arkiv

Gravplassstilknytning, fredingstid og feste av grav

Etter ei gravferd kan det vere mange spørsmål som dukkar opp, ikkje minst omkring praktiske ting. Det er heilt naturleg at ikkje alle kjenner like godt til dei reglar og vedtekter som gjeld ved gravferder.

Er ein usikker på noko, er det heilt i orden å ta ein telefon til kyrkje-kontoret. Vi kan då svare på det meste, og rettleie dei som er litt usikre.

Det ligg også informasjon på kyrkja si heimeside, men ikkje alle synest det er like enkelt å finne svar der.

Difor tek vi ein liten gjennomgang her i kyrkjelydsbladet.

§ 1 og 3 er tekne frå vedtektene for gravplassane i Gulen.

§1 Gravplassstilknytning

Avlidne personar som ved dødsfallet var manntalsførte i kommunen, har rett på fri grav på gravplass i kommunen. Dette gjeld også om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd utanfor kommunen dei siste fem åra, og av den grunn ikkje er manntalsførte der. Kyrkjeleg fellesråd

kan gje løyve til at også avlidne personar utan bustad i kommunen kan gravleggast på ein gravplass i kommunen, men då vert det kravd dekning av kostnader ved gravferda, og avgift som ved feste av grav.

Når det gjeld utanbygds gravlegging, gjeld det som oftast nedsetjing av urne i familiegrav i Gulen, der bisetjinga er utført der dei er heimehøyrande.

Vi har kvart år nokre slike førespurnader, og kan imøtekomme ynskja både om urnenedsetjing og kistegrav. Det blir då i etterkant sendt krav om festeavgift og gebyr etter gjeldande betalingsvedtekter.

Etter gravferda: Når grava er lagd att, ligg det ein jordhaug der, med kransar og blomar oppå. Litt avhengig av årstid vil desse visne nokså raskt, og det er dei pårørande som må syte for å fjerne dei. Før gravminnet kjem opp, blir grava merkt med namn på avdøde, vanlegvis på ein kross. Det må gå seks månader før jordhaugen vert jamna ut. Grunnen er at jorda sig og må setje seg før ein set opp gravminnet. Utjamninga av jordhaugen tek vi oss av.

I dei tilfella der det er ei reservert grav som vert teken i bruk og det skal først på eit nytt namn på gravminnet, kan det gjerast umiddelbart etter gravlegginga. Då må steinen hentast inn, påførast nytt namn og setjast tilbake på sokkelen. Alt som gjeld gravminne, må dei pårørande sjølve ordne, også det å gjere avtale med ein leverandør.

Vi har ikkje lokale folk som reiser rundt i kommunen og fører på eller friskar opp namn på gravminna.



Foto: AT

Plantefelt: Ein kan velje om ein vil ha plantefelt eller berre grasbakke framfor eit gravminne. Dei fleste ynskjer plantefelt, og som hovudregel skal plantefeltet ikkje vere breiare enn gravminnet. Bruk planter som ikkje veks seg så store, verken i breidda eller i høgda. Når det gjeld gravlykter, så finst dei i ulike typar, men med mykje regn og vind så vil enkle og lette gravlykter fyke av garde. Difor bør ein helst bruke lykter som kan festast nede i jorda og står støtt, eller som er plasserte på gravminnet. Hugs at ved skifte av batteri/gravlykt må du ta med avfallet heim. Vi greier ikkje å få god nok sortering på denne typen avfall.

Fredingstid: Fredingstida er 30 år for kistegrav og 20 år for urnegrav, med nokre unntak. På Mjømna har to av felta ei fredingstid på 40 år, og Rutle har 60 år, grunna jordtilhøva. Fredingstida inneber at det i denne perioden ikkje kan føretakast ny kistegravlegging. Urnenedsetjing kan skje umiddelbart, då urna ikkje skal så djupt, og blir sett oppå kista.

Festar for ein gravstad: Ved gravlegging skal pårørende fylle ut eit skjema der det står kven som vert festar for grava, det vil seie den i familien som er ansvarleg for grava framover. Det inneber at vedkomande også er ansvarleg for gravminnet. Om det til dømes ein vinter er blitt skeivt og må rettast opp, så er det festar sitt ansvar.

Etter at fredingstida er ute, vil festar få tilsendt faktura for å kunne feste grava vidare, vanlegvis for fem år om gongen.

Alternativet til å betale fakturaen og feste grava for nye fem år, er å melde frå om at grava skal slettast.

Gravminnet vert då fjerna, og grava kan gjenbrukast, sidan den er frigitt. Kostnaden ved fjerning av gravminne i slike høve, ligg til fellesrådet.

Det hender at pårørende ynskjer å hente og ta vare på gravminnet. Då må dei hente det innan rimeleg tid, etter avtale.

Sletting av graver: Vi har ein del gamle gravminne i Gulen, der festar ikkje er oppgitt, eller der festar er død og andre ikkje har teke over festet. Ansvar til festar kjem fram i § 26 i Gravplassforskrifta:

§ 26 Ansvar

Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller fare for dem som ferdes på gravplassen. Når Gravplassmyndigheten finner det nødvendig, skal eieren varsles med pålegg om å bringe gravminnet i overensstemmelse med de krav som er

stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eieren unnlater å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst hvor eieren befinner seg, kan gravplassmyndigheten sette i verk tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, herunder fjerne gravminnet.

Fakturering av feste: Dersom fakturaen ikkje vert betalt, kjem det purring. Etter 6 månader fell grava attende til gravplassen, sjå § 3.

Det er viktig at vi får tilbakemelding umiddelbart viss ein faktura skal krediterast og grava slettast.

Det sparar oss for mykje arbeid og mange rundar, og vi slepp uheldige situasjonar der pårørende etter mange år ikkje finn att familiegrava si.

I vedtektene for gravplassane i Gulen står det at festaren skal varslast når festetida er ute, men festaren har på si side plikter som òg må oppfyllest, sjå under.

§3 Feste av grav

I lag med ei frigrav kan ein feste ei grav ved sida av, normalt for 5 år om gongen. Etter søknad til kyrkjeleg fellesråd kan ein feste to graver i tilknytning til gravlegging i frigrav.

Også alle festa graver blir betalingsfrie (festeavgifta blir sett til kr. 0,00) i fredingstida etter kvar ny gravlegging. Ny festeperiode begynner etter den betalingsfrie perioden.

Eventuell resterande tid av gjeldande festeavtale vert ikkje teken omsyn til når festa grav vert nytta til ny gravlegging. Når fredingstida/festetida er omme, kan grava festast vidare for 5

år om gongen.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan etter særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellesråd.

Festaren skal varslast om at festetida er ute.

Dersom festet ikkje vert fornya innan 6 månader etter at varsel er sendt, fell grava attende til gravplassen og kan fritt nyttast om att av kyrkjeleg fellesråd.

Dersom det ikkje er mogeleg å hente inn festaren eller den ansvarlege for grava sitt samtykke til sletting eller bruk av ei grav, kan kyrkjeleg fellesråd avgjere bruk av grava. Festar pliktar å melde adresseendring.

Publisering av gravminne på nettside

Vi har teke i bruk ei teneste der vi koplar gravprogrammet opp mot ei nettside der du kan gå inn og søkje opp ei grav. Du får då opp namn, fødsels- og dødsdato, fredingstid og festeutløp. Der det er lagt inn bilete av gravminnet, vil også det komme opp. Når det gjeld det siste, så tek det tid å få på plass bilete av alle gravminna, men med tida til hjelp håpar vi å få på plass fleire etter kvart.

Gå inn på denne nettsida og søk med namn og kommune: [grav.no](#)



Kjenner du til nokon av desse gravene?

Kyrkjekontoret held på med ein litt stor jobb for å finne festarar til graver der det ikkje er oppgitt noko namn, eller der festar er død. I dette bladet finn du listene frå Oppedal og Brekke. Det kjem oversikt over dei andre gravplassane seinare. Kan du hjelpe oss med å finne kontaktpersonar, så ta kontakt med kyrkjekontoret, med sekretæren eller kyrkjevevja. Årstalet står for utløp av fredingstid og fornying av feste.

Oppedal gravplass

2029 Mons Henriksen Oppedal,
Tormod H. Oppedal
2013 Elling Andersen Oppedal,
Martin Oppedal
2033 Ingeborg Matilde Oppedal
2009 Johan Nilsen
2010 Magnhild Oppedal
2011 Peder Ellingsen Oppedal
2011 Bendik Oppedal,
Margit K. Oppedal
2014 Kari I. Oppedal
1989 Pernille Oppedal
2003 Ola Nyheim
2005 Sjur Herman Oppedal
2015 Anna Oppedal 04.A.04.004
2006 Hallvard Nikolai S Oppedal
2007 Mons Nesttun
2011 Ingeborg K. Oppedal
2015 Torkell Nesttun
2025 Håkon Oppedal,
Tordis Oppedal

1992 Magdalene Oppedal
1992 Nils B. Oppedal
1992 Ellen Sophie J. Oppedal
1992 Oline L. Oppedal,
Henrik Monsson Oppedal
1990 Mons Bruvoll
2017 Inga Herborg Oppedal
2021 Gjertrud E. Oppedal,
Anders Sigvald Oppedal
2023 Henrik I. Oppedal
2025 Georg Oppedal
2003 Solveig Nesttun
1995 Georg H. Oppedal
1994 Einar Peter E. Oppedal
2002 Thor B. Oppedal
2019 Petra Oppedal
2015 Sigrid Nilsen
2019 Mathilde Nyheim
2022 Margit H. Oppedal

Brekke gravplass

2024 Georg Johannes H. Ynnesdal
2028 Ingeborg Asheim
2026 Borghild T. Oppedal
2025 Gunhild K. Takle
2025 Helga Asheim
2025 Ivar J. Takle
2025 Borghild Sofie Ynnesdal
2029 Sigurd Sætre
2026 Johanna Margrethe Kringlen,
Hjalmar Kringlen
2019 Torvald Takle
2018 Ola Randolph Hjartholm
2022 Torkjel Oppedal
2022 Borghild Takle
2021 Herborg Mathilde Hjartholm
2021 Ragna Sofie Botnen
2020 Borgny Takle
2030 Eldbjørg Brynestad Nissestad

2033 Sigrid Breidvik
 2022 Torstein Haugland
 1999 Henrikka Wergeland
 2033 Anna Kristine Wergeland,
 Sverre Wergeland
 2020 Petra Kristine Hjartholm,
 Olai Ingvald Bernhard Hjartholm
 2020 Brita Ivarsdtr. Vikne,
 Marie Ivarsdtr. Vikne,
 Halvard Vikne
 1994 Alette Birgitte Eriksdtr.
 Wergeland
 1992 Gjertrud Wergeland
 2020 Gjert Ivarson Ynnesdal,
 Mathilde Ynnesdal
 2004 Kari O. Takle
 2002 Hansine Asheim
 2018 Sverre Johan Jensen
 2050 Ivar Ellingsen
 2018 Louise Alette Tvedt



Allehelgen – lys, ro og minne

Allehelgen er ei helg som ber stilla i seg. Ho kjem når hausten står på sitt djupaste, når kveldane har blitt mørke og lufta klar.
 Det er tida då vi minnest dei som har gått føre oss – dei som har vore ein

del av livet vårt, og som framleis lever i tankane, i minna – og i hjarta.
 I kyrkjene denne dagen er det rom for sorg og ettertanke.

Dørene står opne ein time før gudstenesta tek til.

Den som kjem tidleg, kan finne sin plass i stilla, lytte til roleg musikk, tenne eit lys, eller berre sitje – utan hast, utan krav.

Når klokkene kallar inn, samlast vi til ei roleg og enkel gudsteneste.

Det er ei stund med salmar, musikk og ord som får synke ned.

Under gudstenesta blir namna lesne opp – alle som har gått bort det siste året – og me tenner lys.

Etter gudstenesta får alle med seg eit sorglys som ein kan ta med heim.

Allehelgen handlar ikkje berre om sorg, men òg om håp – og at kjærleiken varer, sjølv når livet tek slutt.

Gudstenester allehelgensdag 02.11:

Mjømna kyrkje kl. 11.00

Brekke kyrkje kl. 16.00

Gulen kyrkje kl. 19.00

Velkomen til ei stund med stilla, lys og håp – ei stund der du kan vere akkurat slik du er, med det du ber på – i takk, sagn og i fred.

Håkon Kinsarvik

Hjarteleg takk!

Hjarteleg takk for all omtanke, deltaking og blomar ved Anfred Hjartholm sin bortgang.

Petra m/familie



Haustmesse i Brekke bedehus

Sundag 9. november kl. 14.00

Kafeteria med rømmegraut, mylse
Loddbok, åresal og sal av diverse
matvarer som smalahåve, mylse m.m
Det kan betalast med VIPPS og
kontantar

Brekke kristelege ungdomslag

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

GULEN SOKN:

08.06.25: Oliver Ramberg Undertun.

07.09.25: Solveig Brosvik.

14.09.25: Linnea Napsøy Indrebø.

28.09.25: Asbjørn Nordgulen Have-
land

MJØMNA SOKN:

09.06.25: Ole Fagerbakke Teigen.

26.06.25: Marcelo Kristensen.

BREKKE SOKN:

03.08.25: Kasper Kalvøy.

28.09.25: Heine Haugen Kallestad

Vigde:

GULEN SOKN:

23.08.25: Lena Kristin Mårud og Kurt
Bjørge Westervik.

MJØMNA SOKN:

09.08.25: Kristin Margrethe Byrknes
og Rune Helge Birknes

Døde:

BREKKE SOKN:

17.06.25: Kåre Olai Haugland,
f. 1942.

26.06.25: Solveig Nilsine Asheim,
f. 1935.

17.07.25: Ingrid Marie Vedå, f. 1930.

22.09.25: Elsa Kristine Takle, f. 1946.

GULEN SOKN:

05.06.25: Leiv Helge Henriksbø,
f. 1948.

12.06.25: Egil Sverre Sandnes,
f. 1939.

26.06.25: Solveig Undertun, f. 1931.

19.08.25: Elsa Torbjørg Kløvtveit,
f. 1936.

05.09.25: Jan Tormod Nordgulen,
f. 1953.

20.09.25: Martha Opdal, f. 1938.

05.10.25: Norvald Hjalmar Teigen,
f. 1940.

Andaktar hausten 2025

Har fleire lyst til å delta, er det berre å
møte opp.

Gulen sjukeheim:

12. november kl. 12.00

17. desember kl. 12.00: Gudsteneste i
Gulen kyrkje

Eivindvik bu- og omsorgssenter:

12. november kl. 16.00

17. desember kl. 12.00: Gudsteneste i
Gulen kyrkje

Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

22. oktober kl. 16.00

19. november kl. 11.00

Juleandakt (tid kjem seinare)

Brekke bu- og omsorgssenter:

22. oktober kl. 11.00

19. november kl. 16.00

Juleandakt (tid kjem seinare)

Byrknes bu- og omsorgssenter:

28. oktober kl. 15.30

25. november kl. 15.30

16. desember med adventsgudsteneste



Kyrkjekalenderen

26.10., Bots- og bønedag:

Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Håkon

Kinsarvik. Gudsteneste med dåp.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

02.11., Allehelgensdag.

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Kirkens SOS.

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

Gulen kyrkje kl. 19.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Rådet for psykisk helse.

09.11.: Ikkje gudsteneste.

16.11., 23. søndag i treeiningstida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon

Kinsarvik. Lys vaken. Offer:

Misjonsprosjektet i Mali.

23.11., Domssøndag/Kristi kongedag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Håkon

Kinsarvik. Familiegudsteneste.

Offer: NMS.

30.11., 1. søndag i adventstida:

Gulen kyrkje kl. 19.00. v/Håkon

Kinsarvik. Lysmesse. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

07.12., 2. søndag i adventstida:

Risnehall kl. 12.00. Adventsverkstad.

Risnehall kl. 15.30: Gudsteneste

v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Laurdag 13.12.:

Gulen kyrkje kl. 16.00: Julekonsert.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

14.12., 3. søndag i advent:

Mjømna kyrkje kl. 18.00: Jule-

konsert. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Onsdag 17.12.:

Gulen kyrkje kl. 12.00 Senior-

gudsteneste v/Håkon Kinsarvik.

Ikkje offer.

Laurdag 20.20.:

Brekke kyrkje kl. 16.00: Julekonsert.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

24.12., Julaftan:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

Brekke kyrkje kl. 13.30 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

25.12., 1. juledag:

Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

26.12., 2. juledag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Redd Barna.